



Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1490 - 15/8365

Saksbehandlar:
Hogne Haugsdal
Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no

Dato:
10.04.2015

Etablering av mellombels gangbru til hekkeholme i Kvassnesstemma

Administrativt vedtak:

Det blir etablert ei mellombels gangbru over til hekkeholme i Kvassnesstemma for å hindre at måsane etablerer reir og startar hekking på holmen. Tiltaket skal stå i inntil 2 månadar frå 13.04.15.

Bakgrunn:

Kvassnesstemma er eit populært turområde midt i Knarvik. I området ligg det eit vatn med ein hekkeholme for måse. I nærleiken av Kvassnesstemma er det mange bustadhus og i fleire år har dei næraste naboane til Kvassnesstemma klaga på høg støy frå måsane i hekkesesongen. Støyen har vore så omfattande at det har gått ut over helse og nattesøvn. Naboane har vore i kontakt med kommunen fleire gonger for å finne ei løysing på problemet, men ein av dei store utfordringane er at fiskemåsen, som hekkar på holmen, er raudlista. I 2014 blei det fremja ei politisk sak om å etablere ei permanent gangbru over til hekkeholmen, i tillegg til andre tiltak for å sikre hekkinga til måsane. Saka blei stoppa i plan- og miljøutvalet 05.03.15.

Vurdering

I 2015 har naboane rundt Kvassnesstemma på nytt tatt kontakt med kommunen, med spørsmål om ein kan finne ei løysing på støyproblematikken til måsane i hekkesesongen. Tilbakemeldingane er at det vil vere krevjande med ein ny sesong med støy og plagar. Etter ei nærare vurdering, i samarbeid med landbrukskontoret og miljøretta helsevern, er det beslutta å etablere ei mellombels gangbru over til hekkeholmen i Kvassnesstemma for å hindre at måsane etablerer reir og startar hekking på holmen. Plan- og bygningsloven opnar for at mellombelse tiltak som står under 2 månadar ikkje er søknadspliktig. Den mellombelse gangbrua blir sett opp frå 13.04.15 og skal stå i inntil 2 månadar. Fylkesmannen er også orientert om tiltaket via kommunen sitt landbrukskontor. Bakgrunnen for at dette tiltaket blir gjennomført er eit forsøk på å ivareta helsa til dei som bur i dei næraste husa til holmen. Ein kommune har eit ansvar for å ivareta alle innbyggjarar om det er menneskje eller dyr/fuglar.



Med helsing

Hogne Haugsdal
ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

